

# **Snoezelen - ein opplæringsarena**

## **Kva er Snoezelen?**

Ingen snoezelen er like. Snoezelen på Ulstein Kompetansesenter, som er ein del av eininga "Inkludering og mangfald" i Ulstein, er laga for opplæring.

Snoezelen er eit individuelt tilrettelagt læringsmiljø for barn, unge og vaksne, som treng å lære i eit meir tilpassa miljø enn "klasserommet". Alle romma i Snoezelen er utforma og utstyrt for ulike opplevingar og aktivitetar, som fører til læring og meistring.

Vi har lang erfaring og mange gode resultat av å nytte Snoezelen som opplæringsarena.

## **Eit multisensorisk, stimulerande miljø**

Miljøet er stimulerande, vekker nysgjerrigheit og utfordrar eleven til initiativ, utforsking og læring.

I Snoezelen får elevane brukt alle sansar bevisst: hørsel, syn, luktesans, smakssans, muskelsansane; vestibulær- og kinestetisk, og taktilsansen. Sansane våre er avgjerande for tankar, kjensler og for læring, og utan sansane kan vi ikkje utvikle vår eigen identitet.

## **Opplæring i Snoezelen**

Det er eleven si læring som er viktig. Dei fleste av elevane har tilråding frå PPT, og læringsmål i Individuell Opplæringsplan.

Pedagogane legg til rette i ulike rom, brukar tid og alle sansestimuli i forhold til eleven sine læringsmål. Eleven sitt initiativ er avgjerande for i kva retning vi styrer aktiviteten.

StatPed, som vi fagleg skal støtte oss til, brukar opplæring i Snoezelen som tiltak for elevar med store samansette lærevanskar.

Utdanningsdirektoratet framhevar at grunnleggande kommunikasjon, motorisk trening og liknande, er to av måla innan grunnleggande ferdigheiter som er viktig for alle elevar.

Spesialpedagogisk team, Ulstein kompetansesenter, 02.04.2020